



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 033	17/231

BESØK AV EINING: DALETUNET PÅ DALE

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram i besøket av Daletunet til orientering.

Kontrollutvalet - Sak 04/2017

KONT - Behandling:

Kontrollutvalet ynskjer å bli nærare kjent med forskjellige einingar i kommunen. I starten av dette møtet vitja kontrollutvalet Daletunet omsorgssenter.

Einingsleiar, kommunalsjef og ein avdelingsleiar viste rundt i tidsrommet ca kl 15.00 til kl 16.00.

Daletunet omsorgssenter tilbyr

- Dagplass
- Korttidsopphald
- Langtidsopphald
- Langtidsopphald på skjerma eining for demente

Dagplassane er for dei som har trong for det av sosiale eller helsemessige grunnar. Her tilbys aktiviteter som for eksempel bingo, håndarbeid, lesing og loddsalg. I tillegg til det sosiale, det at ein kan omgås andre menneske. Aktivitører jobbar på avdelinga. Dette er eit populært tilbod som tilbydas 1 til 5 dagar i veka. Her kan det etes frukost og middag. Det kan være venteliste, men ikkje alltid. Konsert vert avholdt cirka ein gong i månaden. Det fins også dagsenter på Vaksdal sjukeheim og Sveabrekka.

Langtids plassene fins i 4. etasje.

Ein avdeling i 4. etasje er tom, men skal brukas på sikt.

Her er det einmannsrom med seng, bad/dusj på kvart rom.

Ektepar kan under visse forutsetningar få samme rom dersom ønskelig. Dei gjer det dei kan for å få det til. Avdelinga har ikkje trådløst internett ennå, men dette vil komme. Journalføring skjer på eget kontor. Dei har eit prosjekt for å gjere journalane heildigitale, og det er bestilt bærbar pc'er til dette formålet.

Sosialt treffpunkt fins på avdelinga.

Det fins eit brukarutvalg som er felles for dei to sjukeheimene (Daletunet omsorgssenter og Vaksdal sjukeheim).

Einingsleiaren kunne fortelle at langtidsfraværet er høgt, men at det er på vei ned. Det er lavt fravær på korttidsfravær.

Korttidsavdelinga blei ikkje besøkt grunna smittepress.

Heimesjukepleie har kontor i omsorgssenteret med diverse arbeidsrom. Nettbrett der dei har nødvendig informasjon om jobben dei skal gjere, hjelper dei til å jobbe på ein effektiv måte. Trivselsundersøkingar viser at ein har klart å gjere tilbodet betre. Det jobbas med diverse forbettringsområde.

Praktisk bistand har base i omsorgssenteret. Her jobbar 20 personar, både fagutdanna og ikkje fagutdanna. Dei handlar, og jobbar med å vaske for dei som treng det. Dei lærer også bort korleis ein skal vaske og gjere reint slik at dei som er i stand til det kan bli meir sjølvstendig. Dei jobbar 2 og 2 for ein effektiv gjennomføring. Arbeidsmiljøet har god score. Dei gir tilbakemelding til heimesjukepleie om observasjonar som gjerer. Arbeidskrafta brukas fleksibelt saman med heimesjukepleie alt ettersom behov.

I Dale omsorgssenter fins det 30 omsorgsbustader med både gammal og ny del. Dei som ynskjer å nytte seg av andre tenester må levere eigen søknad for dette. Omsorgsbustader fins også på Jamnetunet og Sveabrekka.

I omsorgssenteret finn ein det såkalte «Glashuset». Psykiatri og dagsenter brukar dette fleksible oppholdsrommet med kjøkkenkrok. Dette vert nytta ved personalmøter, tilstellingar og større besøk, og julemiddager blir holdt her.

Forvaltningskontoret har kontor i omsorgssenteret. Dei jobber med å koordinere helse- og omsorgstenestene.

Kontrollutvalet var nøgd med omvisinga.

KONT - Tiltråding/Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram i besøket av Daletunet til orientering.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ynskjer å bli nærare kjent med forskjellige einingar i kommunen. Det er avtalt å besøke Daletunet på Dale.